



Anita, Bente og Bjørg Inga Miljeteig kunne friste med mykje godt frå Friheim Gardsmat

Den første årgangen av "Jul i Rosendal" går over i historia som ein stor og velfortent suksess. Ikkje ein gong det ausande regnveret på opningsdagen, torsdag, kunne rokka ved det. Mange uskedelingar har delteke på arrangementet, nokre som utstillarar og mange som fornøgde publikummarar.

Då eg var innom arrangementet ved opningstida laurdag var både Friheim Gardsmat og Elin Enes godt i gang i sine salgsboder. Begge hadde svært mykje godt å by på til den føreståande julehøgtida, - Elin med sine smakfulle bakar- og konditorvarer, og Friheim med sine velkjende kjøtvarer. Det var tydeleg at varene i begge desse bodene var populære, kundar strøymde til og begge var svært fornøgde både med salget og med arrangementet elles. Populære veit vi og at Hjønnevåg sine fiskeprodukt er. Desse kunne ein og få kjøpt på "Jul i Rosendal".

Elles var det mykje å velja i for publikum. Vareutvalet var svært breidt, vi skal ikkje ramse det opp her. Dette må ein oppleva. I tillegg til salgsaktiviteten var programmet krydra med både musikk og andre innslag. Arrangørane er svært godt nøgd med publikumstilstrøyminga. Ikkje ein gong regnveret opningsdagen klarte å setja ein dempar på den. Avslutningsdagen fekk arrangørane det veret dei fortente, - det beste messeveret ein kan bli velsigna med på denne årstida.

Ein imponerende dugnadsinnsats ligg bakkette førjulsarrangementet. At dei lukkast er det ikkje tvil om. Eit stortog fornøgd publikum sine positive tilbakemeldingar er beste beviset på det. Komande fredag er det Damevennene i Uskedalen sin tur til å skapa den gode førjulsstemninga. Då er det klart for julegrantenning og julemarknad der. Slike arrangement er viktige for bygdene i førjulstida.



Elin Enes har eit imponerende utval å by til Sara og Åsne H. Arnesen og dei andre kundane